



Barn som pårørende

28. Oktober 2021

Ved Kari Vik Stuhaug



Barn som pårørende

- Barn og unge blir påverka av helseproblem, kriser og død i familien
- Kva har barn og unge behov for?
- Å ta barnets perspektiv




Helsepersonelloven §§ 10 a og 10 b (frå 2010)

- § 10a: **Helsepersonell** skal bidra til å ivareta det behovet for informasjon og nødvendig oppfølging som mindreårige barn kan ha som **følge av at barnets forelder eller søsken er pasient med psykisk sykdom, rusmiddelavhengighet eller alvorlig somatisk sykdom eller skade.**
- § 10 b: **Helsepersonell** skal bidra til å ivareta det behovet for informasjon og nødvendig oppfølging som mindreårige barn kan ha **som følge av at en forelder eller et søsken dør.**
- Helsepersonell skal, så langt det er mulig i samråd med foreldre eller andre med omsorgen for barnet, søke å avklare barnets informasjons- eller oppfølgingsbehov og tilby informasjon og veiledning om aktuelle tiltak. Når det er nødvendig for å ivareta barnets behov, skal helsepersonell **innhente samtykke** til å foreta oppfølging som helsepersonellet anser som hensiktsmessig.



1 Summegruppe - 3 saman

- Fortel om ei hending (akutt eller mindre akutt) då du møtte barn som pårørende og som du forsto var /ville bli sterkt prega av aktuell krise
- Den/dei andre stiller spørsmål for utdjuping – ut frå
 - Barnet/barna sitt perspektiv
 - Andre vaksne involverte rundt barnet, sitt perspektiv.




Kva er lurt å gjera? (råd til vaksen pårørande)

- Søk informasjon om sjukdom/behandling/hending
- Inkluder barna i situasjonen i familien. Gi dei informasjon tilpassa alder om sjukdommen, behandling og reaksjonar hjå den som er sjuk.
- Søk informasjon om vanlege reaksjonar hjå barn når eit familiemedlem er sjuk/døyr, slik at dei kan bli møtt med forståing og støtte. Fortel at barna ikkje er skuld i sjukdommen/død.
- Sørg for at rutinane i kvardagen i stor grad fungerer slik dei pleier.
- Informer barnehage, skule og helsesøster slik at barn og ungdom kan bli sett og ivare tatt av dei som er saman med dei i vanlege aktivitetar. Det er ikkje nødvendig å informere om detaljar om sjukdommen/behandlinga/hending.

Kva er lurt å gjera? (råd til vaksen pårørande)

- Informere andre i nettverket, slik som venner, foreldre til barna sine venner, trenar og liknande.
- Søk råd og hjelp hjå helsepersonell. Dei har plikt til å ivareta barna sitt behov for informasjon når ein i familien er sjuk.
- Ver open for å ta imot tilbod om støttetiltak; samtale med helsesøster, avlasting, gruppetilbod og anna.
- Ta vare på deg sjølv. Ingen kan klare alt når sjukdom rammar. Senk krava og unn deg sjølv eit pusterom når du kan. Å la andre hjelpe kan gjere vegen vidare litt lettare.



Elise – 15 år

- Barns Beste
- Opplæring
 - E-læring - Barn som etterlatte
 - Barn og unge i sorg

§ 33. Opplysningsplikt til barnevernet

Helsepersonelloven

- **Helsepersonell** skal uten hinder av taushetsplikt etter § 21 melde fra til barneverntjenesten uten ugrunnet opphold
- a) **når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli mishandlet, utsatt for alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller annen alvorlig omsorgssvikt,**
- b) når det er grunn til å tro at et barn har en livstruende eller annen alvorlig sykdom eller skade og ikke kommer til undersøkelse eller behandling, eller at et barn med nedsatt funksjonsevne eller et spesielt hjelpetrengende barn ikke får dekket sitt særlige behov for behandling eller opplæring,
- c) når et barn viser alvorlige atferdsvansker i form av alvorlig eller gjentatt kriminalitet, misbruk av rusmidler eller en annen form for utpreget normløs atferd,
- d) når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli utnyttet til menneskehandel.

Kyrkje-personell og teieplikt

- **Prestar: Veldig streng teieplikt**
- Ikkje brot på teieplikt å stadfeste info den andre allereie har.
 - Eks: Mi bekymring for tenåring som har mista mor.
- **Anna kyrkjeleg personell?**
- **Kva kan me gjera?**
 - Kartlegge om andre instansar er på banen.
 - Gi råd om be om oppfølging/hjelp
 - Evt. be om samtykke til å kontakte andre hjelparar (obs. evt. støy – srl rus)
- **Diskusjonstema: opplysningsplikt slik som helsepersonell?**

Kven andre kan hjelpe? I kommunen

- Alle kommunar har **tenestetilbod og fagfolk** som har eit særleg ansvar for barn som har det vanskeleg, slik det kan vera når barn er pårørende.
- **Fastlegen**
- **Skule/barnehage/helsesøster.**
- I kontakt med **helse- og omsorgstenesta** kan familien få informasjon om:
 - Støttetiltak som **familiesenter/familieteam/barnevernteneste** på heimstaden
 - Avlastning og eventuelt anna praktisk hjelp
 - Lokale og nasjonale tilbod i regi av interesseorganisasjonar, for eksempel **barnegrupper**
 - **Helsesøster, barne- og familierettleiar, kreftsjukepleiar** og liknande kan tilby samtalar både med foreldre og barn/ungdom.
- Dersom **personell i skulen eller barnehagen** veit litt om situasjonen heime kan dei lettare sjå barnet og den unge sitt behov og møte det med forståing og ivaretaking. Det er ikkje nødvendig å informere om detaljar om sjukdommen eller behandlinga.
- **Barneverntenesta** samarbeider tett med familien og dei aller fleste hjelpetiltaka er frivillige. Mange kvir seg for å kontakte barneverntenesta når dei har behov for hjelp, men dei fleste er likevel godt nøgde med hjelpa dei får når dei først tar kontakt.



Mobilisere nettverk

- I nettverket ditt
- Venner, slektningar, naboar, kollegaer, trenarar, foreldre til barna sine venner/treningskamerater
- hjelpe med praktiske ting og omsorg.
- transport til fritidsaktivitetar, matlaging, klesvask, leksehjelp, barnepass, husvask og innkjøp.
- Om du er open om det du og familien din opplever og klarer ta imot hjelp kan det bety at kvardagen lettare kan henge saman i ein krevjande situasjon.

- Det er aldri for tidleg å be om hjelp.

Summegruppe 2-3

1. Fortell om ei erfaring med dødsbod der det er barn til stades.
 - Kva er ditt fokus?
 - Kva ord brukar du?
 - Di rolle – andre vaksne i familien si rolle
 - I forhold til alder på barnet
2. Fortell om erfaringar du har med å snakke med barn om det vanskelege.
3. Du mistenker at eit barn som går på kyrkja sine aktivitetar ikkje har det bra heime –
 - Kva legg du merke til?
 - Kva tenker du?
 - Kva gjer du?



Lære meir?

- Barns Beste (Nasjonalt kompetansesenter)
- Snakketøyet.no
- Pårørendeprogrammet.no /Fag/fagfilmer

- YouTube – Barn som pårørende/anhøriga
– norsk, svensk, dansk